

# FISKERIDIREKTØREN

Ack.m. 412.5 Torsk

Bergen, 20.12.1984  
TLØ/TBR

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 238/84

ENDRING I FORSKRIFT 13. DESEMBER 1984 NR. 1824 OM FISKE ETTER TORSK NORD FOR 62° N.BR. MED KONVENTSJONELLE REISKAPAR OG MED SLIKE REISKAPAR I KOMBINASJON MED TRÅL.  
(TORSKEREGLERINGSFORSKRIFTENE).

I samsvar med lov 3. juni 1983 om saltvannsfiske § 4, jfr. forskrift 15. desember 1983 med seinare endringar, har Fiskeridepartementet 18. desember 1984 fastsett denne endringa i Torskereguleringsforskriftene av 15. desember 1983:

I

§ 4 skal lyde:

### Bifangst

I perioden med forbod mot fiske etter torsk, jfr. §§ 1 og 2, er det forbode å ta større bifangstar av torsk ved fiske etter andre fiskeslag enn 15% aust for Sørholt i Finnmark og 10% i andre kystområde, begge rekna i vekt av heile fangsten om bord eller ved landing. Ved fiske etter sei i forbodsperioden etter § 2, fjerde ledd b) skal bifangsten av torsk rekna av heile fangsten pr. vuke.

II

Denne endringa vert sett i verk straks.

Etter desse endringane har forskriftene denne ordlyden:

FORSKRIFTER OM FISKE ETTER TORSK NORD FOR 62° N.BR. I 1984 MED KONVENTSJONELLE REISKAPAR, MED SLIKE REISKAPAR I KOMBINASJON MED TRÅL OG BIFANGST AV TORSK VED ANNEN FISKE M.M. (TORSKEREGLERINGSFORSKRIFTENE).

### Kap. 1

Utvída\_helgefredning,\_perioder\_med\_fiskestopp\_og\_avgrensing\_i\_garnmengda.

§ 1

### Utvída\_helgefredning.

I området nord for 62° 11,2' n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser stående i sjøen for fiske etter torsk fra fredag kl 2400 til søndag kl 2400 i tida fra 8. juni til og med 17. september 1984.

Reiskap som grunna uver ikke kan dragast innan forbodstida etter første og andre ledd tek til, skal dragast så snart råd er etter at verhindringa er over.

#### Fiskestopp.

I området nord for  $62^{\circ} 11,2'$  n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser stående i sjøen for fiske etter torsk:

- a) fra laurdag 21. januar 1984 kl 2400 til søndag 29. januar 1984 kl 2400.
- b) fra fredag 2. mars 1984 kl 2400 til mandag 5. mars 1984 kl 2400.
- c) fra torsdag 12. april 1984 kl 2400 til søndag 6. mai 1984 kl 2400.

Forbodet under største ledd bokstav c gjeld ikke for fiske med juksa og line i tida fra søndag 29. april 1984 kl 2400 til søndag 6. mai kl 2400. Forbodet under første ledd bokstav c gjeld heller ikke for Finnmark i tida fra søndag 29. april 1984 kl 2400 til søndag 6. mai kl 2400.

For fiske med snurrevad gjeld forbodsperioden etter første ledd  
 a) til mandag 30. januar 1984 kl 2400, forbodsperioden etter  
 første ledd b) til tysdag 6. mars 1984 kl 2400 og forbodsperioden  
 etter første ledd c) til mandag 7. mai 1984 kl 2400 og mandag  
 30. april kl 2400 for Finnmark

I området nord for  $67^{\circ}$  n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn:

- a) trål, juksa og ruser og ha andre reiskapar enn ruser stående i sjøen for fiske etter torsk fra fredag 29. juni 1984 kl 2400 til søndag 5. august 1984 kl 2400.
- b) trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser stående i sjøen for fiske etter torsk fra fredag 14. desember 1984 kl 2400 til mandag 31. desember 1984 kl 2400.

For fiske med snurrevad gjeld forbodsperioden etter fjerde ledd  
 a) til mandag 6. august 1984 kl 2400.

Reiskap som grunna uver ikke kan dragast innen forbodstidene etter denne paragraf tek til, skal dragast så snart råd er etter at verhindringa er over.

§ 3

#### Sportsfiske.

Forbodet mot fiske etter torsk i §§ 1 og 2 gjeld og sportsfiske. Fiskeridirektøren kan etter søknad dispensera fra dette forbodet.

Utan hinder av forbodet i første ledd kan det likevel fiskast til eige konsum med stong og handsnøre. Fisket må avgrensast til dei kvanta av torsk som går med til eigen huslyd sin trøng for fersk fisk i forbodsperiodane nemnde i §§ 1 og 2.

Fangst som nemnd i første ledd kan ikke omsetjast eller tilverkast for sal.

Fiske med juksa-maskin vert ikke å rekne som handsnøre etter denne paragrafen.

#### § 4

#### Bifangst

I perioden med forbod mot fiske etter torsk, jfr. §§ 1 og 2, er det forbode å ta større bifangstar av torsk ved fiske etter andre fiskeslag enn 15% aust for Svarholt i Finnmark og 10% i andre kystområde, begge rekna i vekt av heile fangsten om bord eller ved landing. Ved fiske etter sei i forbodsperioden etter § 2, fjerde ledd b) skal bifangsten av torsk rekna av heile fangsten pr. veke.

#### § 5

#### Garnmengde.

Ingen båt må bruke fleire garn enn det som kan røktast dagleg.

#### KAP. II.

#### Kvoteregulering av farty som fiskar etter torsk berre med konvensjonelle reiskapar og farty som fiskar med slike reiskapar i kombinasjon med reketrål og trål.

#### § 6

#### Maksimalkvote for farty som fiskar med konvensjonelle reiskapar.

Kwart farty som fiskar torsk med andre reiskapar enn trål kan i 1984 ikke fiske meir enn 400 tonn torsk rund vekt i området nord for 62° n.br. Farty som har konsesjon for å drive trålfiske etter torsk, jfr. forskrifter om tildeling av tillatelse til å drive fiske med trål av 28. april 1978, og som driv slikt fiske i kombinasjon med garn, line eller juksa kan heller ikke fiske meir enn 400 tonn torsk i nemnde område.

Farty som har fiska opp maksimalkvoten etter første ledd kan ved fiske etter andre fiskeslag taka 10% bifangst av torsk rekna i vekt av heile fangsten i kvar landing. Bifangst av torsk som overstig 10% skal rekna som overfiske av maksimalkvoten etter første ledd.

Kvote\_for\_farty\_med\_konsesjon\_for\_reketrålfiske.

Farty med konsesjon for trålfiske etter reker, jfr. midlertidige forskrifter om adgangen til å drive trålfiske etter reker av 23. juni 1978 (reketrålforskriftene), kan i 1984 ikke fiske meir enn totalt 5.500 tonn torsk rund vekt i området nord for 62° n.br.

Kwart farty som har konsesjon for trålfiske etter reker kan i 1984 ikke fiske meir enn 175 tonn torsk rund vekt i området nord for 62° n.br.

Kwart farty som har konsesjoner for trålfiske etter reker kan i 1984 ikke fiske meir enn 175 tonn torsk rund vekt i området nord for 62° n.br. Farty som i 1984 blir tildelt konsesjon for trålfiske etter reker kan ikke fiske meir enn 175 tonn torsk rund vekt i tidsrommet 15. mai 1984 til og med 31. desember 1984 eller meir enn 400 tonn torsk rund vekt i tidsrommet 1. januar 1984 til og med 31. desember 1984 i området nord for 62° n.br.

Fiskeridirektøren kan stoppe fisket når det er utrekna at totalkvoten etter første ledd er oppfiska.

Etter at totalkvoten etter første ledd er oppfiska kan det ved fiske etter andre fiskeslag takast 10% bifangst av torsk rekna i vekt av heile fangsten i kvar landing. Denne bifangstregelen gjeld og for farty som har fiska opp kvoten etter andre ledd før fisket er stoppa etter tredje ledd. Bifangst av torsk som overstig 10% skal rekna som overfiske av kvoten etter andre ledd.

§ 8

Kvoteregulering\_av\_farty\_med\_konsesjon\_både\_for\_reketrålfiske\_og\_torsketrålfiske.

Reglane i § 7 gjeld og for farty og som kjem inn under § 6 punkt 2 i

forskrifter om regulering av trålfiske etter torsk nord for 62° i 1984 av 15. desember 1983, som i tillegg til konsesjon for trålfiske etter reker også har konsesjon for trålfiske etter torsk, jfr. forskrifter om tildeling av tillatelse til å drive fiske med trål av 28. april 1978.

Kap-III.

Maksimalkvote\_for\_farty\_som\_driv\_fiske\_med\_garn\_og\_line\_etter\_botnfisk\_i\_andre\_lands\_soner.

§ 9

Farty som driv fiske med garn og line etter torsk, hyse, sei, kveite, blåkveite, pigghå, lange, blålange og brosme i sonene til andre land kan i 1984 ikke fiske meir enn totalt 175 tonn torsk rund vekt med andre reiskap enn trål i norsk sone mellom 62° n.br. og 65° n.br. og i området nord for 65° n.br. og aust for Ø-meridianen.

Sonene til andre land omfattar i §§ 9, 10 Og 11 EF-sona, færøysk sone, islandsk sone og NAFO-området.

#### § 10

##### Registreringspikt\_og\_reglar\_om\_overfiske.

Farty som i 1984 vil drive fiske med garn og line i sonene til andre land etter dei fiskeslaga som er nemnde i § 9 må seinast 13. februar 1984 registrerast hos Fiskeridirektøren.

Farty som har overfiska kvoten etter § 9, første ledd, eller som ikkje seinast 13. februar 1984 er registrert etter § 10, kan i 1984 ikkje drive fiske med garn og line i sonene til andre land etter dei fiskeslaga som er nemnde i § 9. I slike tilfeller gjeld maksimalkvoten på 400 tonn i § 6.

Utan omsyn til forbodet i andre ledd kan Fiskeridirektøren tillate eit farty å drive slikt fiske i sonene til andre land som nemnd i § 9, når overfisket av maksimalkvoten etter § 9 blir innregne av vedkommande salgslag, jfr. § 10b i lov om regulering av deltagelsen i fisket av 16. juni 1972.

#### § 11

##### Bifangst

Farty som har fiska opp kvoten sin etter § 9 kan ved fiske etter andre fiskeslag taka 10% bifangst av torsk i vekt av heile fangsten i kvar landing. Bifangstar som overstig 10% skal reknast som overfiske av kvoten etter § 9.

##### Kap.\_IV

##### Utfyllande\_reglar.

#### § 12

Fiskeridirektøren kan gi forskrifter om gjennomføring og utfylling av desse forskriftene.

##### Kap.\_V.

##### Straffereglar.

#### § 13

Aktlause eller forsettlege brot på desse forskriftene og medverknad til slike brot blir straffa med bøter, jfr. § 69 i lov om saltvannsfiskeriene og § 11 i lov om regulering av deltagelsen i fisket av 16. juni 1972 og § 13 i lov av 20. april 1951 om fiske med trål.

##### Kap.\_VI

##### Iverksetting.

#### § 14

Desse forskriftene trer i kraft 1. januar 1984. Samstundes blir midlertidige forskrifter av 22. november 1983 om fiske etter torsk nord for 62° n.br. i 1984 med konvensjonelle redskaper og med slike redskaper i kombinasjon med trål oppheva.